

Han brenn for solenergi og vil berge verda frå katastrofe

Startar landets første internasjonale opplæringscenteret for fornybar energi i Hyen

Dr. Mohammad Sani (70) vil frelse verda med solenergi og skape fred på jorda. Han reiser frå land til land for å lære skuleelevar og andre å "fange" solenergi med enkle midlar, og å motivere dei til å lære bort kunnskapane sine til andre.

F.T.: Magnar Heimset

Pensjonisten og idealisten Mohammad Sani frå Iran vier sitt pensjonistliv til "Save our World"-ideologien. Mottoet hans er like enkelt som det er vanskeleg å gjennomføre i praksis; å få folk til å byte ut våpen, som har som føremål å drepe, med reiskapar til å lage utstyr for å kunne gjere seg nytte av sol, vatn og vind som fornybare energikjelder. Ved Hyen skule startar han no det første internasjonale opplæringscenteret for fornybar energi i landet.

"Evigvarande" solenergi

– Det er over sju milliardar menneske i verda, og alle treng energi. Skal vi dekke verdas trong for energi med atomkraft, vil vi ha brukt opp alt uranet på jorda etter 10 år. Brukar vi berre olje og gass, er det tomt om 50 år. Men satsar vi på solenergi, vil han vare i fem milliardar år, sa den entusiastiske professoren framfor eit trettital elevar i 6.–9. klasse og ei handfull lærarar ved introduksjonen på Hyen skule førre veka.

Elevane var samla til felles orientering ved starten av skuledagen. Etter halvannen times undervisning, tok Mohammad med seg ei gruppe utvalde elevar frå 8.klasse til avfallsplassen i Ivahola for å finne gratis materiale til å bygge heimelaga solfangarar



Mohammad Sani (70) viser ivrig fram ein modell av ein "solkokar", eit apparat som i full storleik kan koke mat til over 20 personar på 35 minutt. – I løpet av ein soldag kan det bli 250 middagar, hevdar han.

av. Dag to av den tre dagar lange prosjektperioden var det hektisk aktivitet på sløydssalen for å setje saman dei noko spesielle "drivhusa". Torsdag ettermiddag og fredag føremiddag kunne så prosjektgruppa vise fram og demonstrere dei finurlige,

og så godt som kostnadsfrie, remediasine.

Krig om energi

Mohammad ruvar ikkje akkurat i landskapet fysisk. Den kortvaksne og

spedbygde iranaren målber likevel bodska sin med imponerende entusiasme og tyngde. Han hevdar at verda i stor grad kan dekke sin energitrong med solenergi og rein fornybar energi, og på den måten berge jordkloden frå katastrofe. Han mei-

nar og å kunne hevde at kampen om energi og ressursar har vore årsak til dei fleste krigane i verda, og at nok fornybar energi kan skape fred mellom menneska.

– Amerikanarane invaderte Irak for å få kontroll over oljen der. Dei kjem neppe til å lukkast. Eg er ikkje politisk, og vil ikkje ha politiske meiningar om dette, berre påvise motivet for å gå til krig. For 2 000 år sidan var romarane mektige og prøvde å legge

under seg "heile verda", og dei kravde nådeløst inn skattar av sine undersattar. Men Romarriket stod for fall. Det blir ikkje fred i verda før vi har lært å skaffe oss nok energi frå uttømmelege og fornybare kjelder. Sol, vind og vatn er nettopp slike kjelder, hevdar han.

Har knapp tid

– Om eg skulle rekke over alle skulane i verda sjølv, måtte eg bli to millionar år gamal. Det reknar eg ikkje med å bli, og dessutan har vi ikkje mykje tid på oss om vi skal kunne avgrense klimaendringane som trugar og dei enorme konsekvensane dei vil føre med seg for kloden vår. Difor prøvar eg å "kopiere meg sjølv" til andre og motivere "kopiane" til å gå vidare med saka og lære opp andre att. På den måten kan vi skape ei rørsl som akselererer og spreier seg utover frå opplæringscentera som ringar i vatnet, seier han entusiastisk.

Kjem frå Iran

Mohammad kjem opphavleg frå Iran. Han flytte frå landet for over 40 år sidan og reknar seg ikkje som muslim. Han studerte til mechanical ingeniør i Tyskland på første halvdel av 70-talet. Etter det studerte han i England der han tok doktorgrad. Han har arbeid mykje med industridesign og seinare med ulike former for energi. Mot slutten av yrkeskarrieren dreia det meste seg meir og meir om fornybar energi. Sidan slutten av 90-talet har han budd i Danmark.

– Eg møtte familien Bodil og Olav Klungved ved eit restaurantbord i Side i Tyrkia for fem veker sidan. Det vart ein veldig interessant samtale, og familien inviterte meg spontant til Noreg og til å vitje dei i heimen deira i Hyen. Og her er eg, sa ein strålende opplagt og entusiastisk Mohammad Sani ved opninga av prosjektarbeidet ved Hyen skule.

Den idealistiske pensjonisten reiser no verda rundt for å spreie kunnskapane og ideane sine. Han har valt ein modell der han opprettar internasjonale opplæringscenteret for fornybar energi rundt om i dei ulike land og verdsdelar. Han satsar spesielt på born og ungdom, og han prøvar å skape motivasjon hos elevane til å vidareføre kunnskapane dei får til andre born og skular.

– Ikkje vent på politikarane

– Styresmaktene har lettare for å loyve pengar til militære føremål enn til forskning på fornybar energi. Ikkje vent på dei, men set i gong sjølve. Også borna kan vere med å ta ansvar for energiforsyninga, meiner Mohammad.

Han viser stolt fram utstyret som sjuande og åttandeklasse ved Hyen skule har laga og stilt opp på idrettsplassen ved skulen. Dei har vore i Ivahola og funne seg bølgeblekkplater og utrangerte vindauge. På sløydssalen har dei laga små "drivhus" eller solfangarar av desse, i utgangspunktet verdilause, materialane. Gjennom desse kassane av tre med svartmåla bølgeblekkplater i botnen og med vindauge som lok, har dei så trekt plastslangar. Når dei sender iskaldt smeltevatn gjennom slangane, vert det varma opp til langt opp mot kokepunktet.

Stort potensiale

Mohammad viser bilete frå eit bu-

stadkompleks i Danmark der 80 husvære får all si energiforsyning frå solsellepanel på taket. Det har dei gjort i 15 år no, så det er absolutt dokumentert at det er mulig.

– Andre kan gjere det same. Vi kan kjøpe svært billeg utstyr frå Kina, og vi kan lage heimelaga kraftverk, hevdar han.

– Men vil dette vere effektivt i Noreg med vinter og snø mest halve året og sola er under horisonten til store delar av landet?

– Ja, i sommarhalvåret har de gode forhold for solfangarar her, det er lyst mest heile døgnet. Om vinteren er vindmøller og varmpumper gode alternativ og supplement til solsellepanel, parerer Mohammad.

temperaturen i solfangarane fleire gonger om dagen.

– Vi set veldig pris på Mohammad Sani sitt engasjement og alt han har sagt og gjort på skulen vår. Han oppnådde eit svært høgt nivå på deltaking og motivasjon både hos elevar og lærarar. Denne undervisningsforma er teken med i fagplanane i Kunnskapsløftet. Elevane våre har oppnådd eit dobbelt utbyte i og med at dei har fått eit glimrande høve til å bruke engelsk som eit framandspråk for å kommunisere gjennom heile prosjektarbeidet, understrekar kontaktlærar for 7. og 8.klasse, Aslaug Larsen.

Mohammad har sag seg villig til å halde kontakt med elevar, lærarar og kommunen via e-post. Larsen tilrår sterkt at fleire skular nyttar seg av dette glimrande undervisningsopp-

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.

legget.



Eit trettital elevar og ei handfull lærarar ved Hyen skule følgde interessert med på Mohammad Sani si forelesing om korleis ein kan fange og utnytte solenergi i energiforsyninga.



Torsdag ettermiddag var det 10.klasse sin tur til å prøve ut solfangarane på idrettsplassen i Hyen. Her viser dei også fram plansjen for det nystarta opplæringscenteret ved skulen som 7.klasse har teikna. Framme: Mohammad Sani. Bak frå v.: Heidi Njelle, Marthe Aa, Even Hallem, Jonas Holme og Olin Sande Holme.



Mohammad Sani har starta internasjonale opplæringscenteret for fornybar energi i mange land og på fem kontinent rundt om i verda. Lærarane Matias Hope (t.v.) og Tor Larsen hjelper han med å vise fram plansjen med bilete og opplysningar om ulike prosjekt han har fått i gang.

Skulen fører logg

Ved Hyen skule er dei alt i gong med å føre logg over lufttemperatur og



Det var hektisk aktivitet på sløydssalen ved Hyen skule då 8.klasse laga solfangarar av materiale dei hadde henta på avfallsplassen i Ivahola. Frå v.: Ole Jakob Mjelle, Mohammad Sani og Beth-Alice Eimhjellen.